



KFUM Volda Volleyball

Årsmelding for 2020

Til Årsmøtet 23. mars 2021

Aktivitetar

Året 2020 vart avslutta med 145 medlemmer, fordelt på 10 grupper. I gruppa for trenarar og støtteapparat har vi ca. 30 personar. På slutten av året fekk vi også nesten ein månads trening i nyehallen, Volda Campus Sparebank1 Arena.

KFUM Volda Volleyball hadde ein spelar på ToppVolley i Rogaland våren 2020.

2020 vart eit svært amputert år pga Kovid-19 pandemien, men vi rakk å spele RM U19, RM JU17 og RM JU15, og kvalifisere oss til NM JU17, NM JU19. Vi rakk også å spele NMU19 før landet vart stengt ned grunna pandemien. Av turneringar har det vorte planlagt fleire turneringar som ikkje har vorte gjennomført grunna pandemi-restriksjonar. Eliteturneringa fekk vi gjennomført, denne gangen med dommardelegasjon frå forbundet.

På Årneset var det, også grunna pandemirestriksjonar, kun trening og interne turneringar.

Oversikt over laga i KFUM Volda Volleyball:

Lag	Årstal	Ca. Tal på spelarar	Trenarar	Oppmann
Elitelaget - dame	-2006	14	Vladislav Todorov, Zdenek Weig og Rune Bernås	Håkon Bø
2.divisjon - damer	-2005	Ca. 25	Rune Bernås, Vilde Sofies Sleire og Ingrid Redse-Mjaaseth	
GU17/19	-2006	12	Camilla og Bernt Humberset Terje Flåm	Hildegunn Humberset / Sissel Andersen
GU15	2006-2007	15	Camilla og Bernt Humberset, Leif Røv	Hanne Harnes
JU15	2006-2007	Ca.12	Kristin B. Sæterås og Silje Strand	Irene Krumsvik
J/G U13	2008-2010	15	Henning Heltne	
Mini 1	2010	Ca. 10	Nancy Ann Eide Brattli, Bodil Helle, Pål Are Eikrem, Henning Helle	Elin Høydal Vatne
Mini 2	2012-2014	Ca. 20	Nancy Ann Eide Brattli og Bodil Helle	Anders Nupen
Veteran dame		Ca. 5-10	Usikkert antall da det har vore lite mulighet for trening for dei over 20 år.	
Veteran herre		Ca. 5-10		

Styret i klubben

Styreverv	I perioden: 01.01.2020-30.09.2020	I perioden: 30.09.2020-31.12.2020
Leiar	Rune Hauge Aarflot	Kristin Indresøvdde
Kasserar	Kristin Indresøvdde	Kristin Indresøvdde
Medlemsansvarlig	Kristin Indresøvdde	Kristin Indresøvdde
Materialforvaltar	Svein Flåskjer	Svein Flåskjer
Reiseansvarlig	Silje Strand	Silje Strand
Kioskansvarleg	Nancy Ann Eide Brattli	Nancy Ann Eide Brattli
Dugnadsansvarleg	Nancy Ann Eide Brattli	Nancy Ann Eide Brattli
Sportsleg leiar	Leif Reidar Røv	Leif Reidar Røv
Styremedlem	N/A	Rune Hauge Aarflot

 KFUM Volda Volleyball	Årsmelding for 2020
	Til Årsmøtet 23. mars 2021

Support til styret: Irene Krumsvik (Sponsor-/ barneidrettsansvarleg)

Det har vore svært få styremøter i året som har gått grunna koronapandemien og begrensingar på å samle fleire i same lokale.

Andre verv	Namn
Valnemnd	Irene Krumsvik, Jan Olav Brænde og Nancy Ann Brattli
Kontrollkomiteen	Kristian Kolnes og Eiliv Halkjelsvik
Styret i Volda Campus Arena AS (VCA)	Kristin Indresøvdde og Rune Aarflot*
Brukargruppa til Volda Campus Sparebank1 Arena	Bernt Humberstet og Svein Flåskjer
NVBF Møre og Romsdal	Ingen

*gjekk ut av styret 01.10.2020 da han tilrådde stilling som dagleg leiar i Volda Campus Arena AS (VCA)

Rekruttering

Heller ikkje i 2020 har vi kunne jobba mykje med rekruttering og arrangert heller ikkje minivolleyballskule, i 2020 har vi visst at hallkapasiteten ville bli svært mykje betre på slutten av året, men koronapandemien har gjort det utfordrande å jobbe med rekruttering. Trass dette har der vore tilsig i alle grupper, og spesielt 2. divisjon damer og GU15 har hatt stor auke.

Sportsleg suksess!

I aldersbestemt NM kvalifiserte vi xx lag, men fekk kun delta i NMU19 før koronapandemien slo til.

JU15 toppa tabellen i M&R når serien ved nyttår 2020, det same galdt 2. divisjon damer. Mizunoligadameane toppa det heile med å kome på 5. plass på tabellen, men grunna covid-19 vart sluttspølet som skulle vere helga landet vart stengt ned ikkje gjennomført.

I 2020 har fleire spelarar frå klubben vore med på landslagssamlingar; Hedda og Nora Øvereng, Runa Vik-Arset og Ingrid Bernås. Fleire spelarar frå klubben har vore uttekne på regionslag for Møre & Romsdal, og på Volda vgs. sine lag under NM for vidaregåande skular (gutelaget gjorde ein flott innsats og tok sølv).

Økonomi

Klubben har framleis god økonomi. Vi har eit godt overskot som vil sikre at vi klarer den auka husleiga og evt uventa ekstra utgifter til for eksempel dugnadsmidlar til VCA. Eit stort overskot i 2020 har ikkje direkte innverknad på bankinnskot klubben har. Vi fekk i 2020 ein god del gåvemidlar til kjøp av servemaskin og utviding av anlegget på Årneset. Store delar av overskotet har difor blitt brukt til å auke eigendelane til klubben. Vi har auka eigendelar frå kr. 65.000 tll ca. kr. 630.000,-.

Vi stettar krava til at vi har to som godkjenner transaksjonar i banken.

 KFUM Volda Volleyball	Årsmelding for 2020
	Til Årsmøtet 23. mars 2021

Pga. Koronapandemien har utgifter til reise og deltakaravgift på turneringar og NM vorte betraktelig redusert, i tillegg har klubben vore flink og søkt om koronastøtte for tapt inntekt knytt til arrangement som ikkje har vorte arrangerte. Dette har vore med på å sikre økonomien til KFUM Volda Volleyball.

Styret har jobba meir med å få inn nye sponsorar enn tidlegare, og har vore i dialog med fleire firma om nye sponsorkontrakter. Året har vore vanskelig sponsormessig grunna koronapandemien, men vi har lukkast å sikre mange gode støttespelarar, som også vil hjelpe oss med ei solid drift framover.

Med å smale økonomien under styret, har vi fått god oversikt og gode muligheter for moms-kompensasjon som er eit pluss for klubben.

Det siste året har vi også hatt ein tilsett i klubben, Maria Todorova, som har drive prosjektet volleyball i skulen med god støtte frå Bodil Helle.

Det har både ifht momskompensasjon og ansettelsesforhold vore svært viktig å ha reknskapsførar som har oversikt over dette.

Vi har vore så heldige i året som har gått og fått kjøpt både matchgolv og servemaskin, her har vi fått sponsa mykje av kosten frå Sparebank1 Søre Sunnmøre. Dette har ført til interesse frå volleyballforbundet ifht kamper og samlinger.

Sponsorane våre i 2020 var SpareBank 1 Søre Sunnmøre, Brændes rørleggerforretning, Apotek1, More Woman, Tømrer Service, Family Sportsclub, Tussa, Idrett uten Alkohol, Furene, BI Eiendom og Brunvoll.

Elitehelg

Vi klarte å arrangerte Sparebank1 Eliteturnering også i 2020 trass restriksjoner ifht pandemien. Turneringa vart gjennomført både i Voldahallen og i Ørstahallen. Laga som deltok var på damesida: KFUM Volda Volleyball, Førde og TIF Viking. På herresida: deltok Koll, Viking, Førde og NTNUI.

I år hadde NVBF lagt dommarsamling til turneringa. Denne gangen vart det ikkje bankett. Mange av laga i klubben deltok for å gjere dette til ein suksess, vi takkar alle for innsatsen.

Arbeidet i styret og organisering av klubben

Klubben har eit styre på 5 personar, dette er ein hensiktsmessig størrelse ifht klubben sin størrelse. Styret har lært mykje dei siste åra, og sist årsmøte vart det vedtatt å innføre undergrupper for å flate ut strukturen og fordele oppgåvene utanfor styret. Gruppene har brukt 2020 på å «jobbe seg inn», og vi ser at dette er ein god modell å fortsette vidare med framover. Styret må jobbe med å kommunisere tydelegare med gruppene framover.

Arbeidet i styret i har også dette året vært prega av arbeid med VCA, sponsorarbeid, arbeid knytta til Elitelaget. Grunna pandemien har det vore lite fokus på dei yngra laga dette året, men vi statsar på å auke innsatsen på rekruttering i året som kjem.

 KFUM Volda Volleyball	Årsmelding for 2020
	Til Årsmøtet 23. mars 2021

Klubben har også det siste året oppretta ulike forsikringar knytta til Yrkesskadeforsikring, Kriminalforsikring, innboforsikring, dette vil sikre klubben på fleire områder om innhaldet skal vere ute.

Fleire styremedlemer har mot slutten av året gitt beskjed at dei ikkje kjem til å ta attval frå Årsmøtet 2021, og det har derfor også vore jobba med å skaffe nye medlemmar til styret.

Kontrollkomiteen har hatt revisjon av styret sitt arbeid i 2020, og har ingen merknader til dette.

Kompetanseheving

Fleire i klubben har teke kurs i år, både på administrasjon, dommarkompetanse og trenarkompetanse. Kursa har vore gjennomført via Teams.

Utviding på Årneset

Som skrive tidlegare har styret jobba med å få fullfinansiert dette prosjektet, og kom i mål med det hausten 2019, rett før søknaden om Tippemidlar skulle sendast inn.

Vi mottok kr. 142.000,- frå Friluftsföreninga sitt minnefond for Magne Haugen. Vilkåret for denne tildelinga er at vi sommaren 2021 arrangerer ein gratis sandvolleyballskule.

Vi har fått god hjelp frå Henning Heltne i Tømrer Service AS til å få teikna anlegget, og med å jobbe med eit godkjent anleggsbudsjett på dette prosjektet. Tippemidelsøknaden for sjølve banene vart godkjent, men for tribunar/spensttreningsanlegg må det lagast eit eige prosjekt. Dette får klubben ta til med til 2022 sesongen.

Arbeidet med banene på Årneset gjekk i ein fei, og stod ferdige i september. Vi har no tre baner klar til bruk våren 2021

Minivolleyball i skulen

Tilsettingsforholdet til Maria Todorova fortsatte gjennom 2020, men arbeidet med volleyball i skulen vart svært redusert grunna koronapandemien. Vi ser oss ferdig med prosjektet og skal no handel inn det resterande utstyret og levere ut til dei ulike skulane i kommuna; Bratteberg, Dravlaus og Hornindal.

Smashing fredag har dessverre utgått i 2020 grunna koronapandemien.

Andre aktivitetar

Då styret har vore pressa på tid til arbeid med andre oppgåver, har det vore arrangert lite aktivitetar utanom «vanlege» arrangement. Dette er synd, men vi håpar dette kan rette seg i 2021 med oppretting av arbeidsgrupper og alle mulighetene vi har i Volda Campus Sparebank1 Arena.

 KFUM Volda Volleyball	Årsmelding for 2020
	Til Årsmøtet 23. mars 2021

Vi har allerede nytta oss av sosialt rom i Volda Campus Sparebank1 Arena, og alle laga har hatt sosiale kveldar med pizza, dette har vi håpt har vore litt kompensasjon for manglande turneringar og andre aktivitetar i pandemiåret.

Vi fortsetter konseptet 1000-klubben, der vi har varianter frå 100 og oppover for å motivere spillere til å strekke seg. Dette er et veldig bra motivasjonssystem. Utdeling av t-shirt til de som klarer nye mål blir gjort i pausen på eitekamper.

For styret
Kristin Indresøvde
leiar KFUM Volda Volleyball